

# **Kommunal museumsplan for Vindafjord kommune 2013 – 2016**

*Datert 05.10.2012*



## **Innleiing**

Revisjon av gjeldande Kommunal museumsplan for Vindafjord kommune 2009 – 2012 har blitt utført med utgangspunkt i følgjande mandat:

### **MANDAT – REVISJON AV MUSEUMSPLAN**

Eit mål i budsjett og økonomiplan 2012 – 2015 er at museumsplanen skal reviderast. Gjeldande plan er for perioden 2009 – 2012.

Vindafjord kommune har etablert samarbeid med Haugalandsmuseet. Dette samarbeidet skal vidareførast og vidareutviklast ut frå gjeldande samarbeidsavtale og inngår ikkje i denne revisjonen.

Disposisjonen for planen vert vidareført slik den ligg føre.

Revisjonen skal omhandle fylgjande:

- 1) Gjennomgå pkt 1 – 3 ( t.o.m. framtidig organisering ) i planen og legg inn evt oppdateringar
- 2) Gjennomgå punkt 3 ( målsettingar ) – 6 og legg inn oppdateringar
- 3) Gjennomgå og revidere pkt 7 – tiltaksplan. Tiltak settes i prioritert rekkefylgje ( utan årstal )

Sivert Ole Holten leier arbeidet og vurderer/avgjer behov når det gjeld oppnemning av arbeidsgruppe. Han avgjer sjølv korleis medlemmene til arbeidsgruppa skal ”rekrutterast”.

Ølen, 20.04.12. Gunn Vikingstad (s)

I samband med arbeidet vart det etablert ei arbeidsgruppe der Vindafjordmuseet og dei tre sogelaga i Vindafjord kommune vart invitert til å vere med. Arbeidsgruppa har hatt tre møte, det første i Vindafjordmuseet sine lokale i Vikedal, det andre i Ølen og Bjoa Sogelag sine lokale på Sagatun, etter ei synfaring på Nærheimstunet. Det siste møtet hadde arbeidsgruppa på Skjold skule, etter ei synfaring på skulemuseet i Skjold.

På det første møtet vart arbeidsgruppa konstituert med Marit Øverland Ilstad som leiar.

Etter det andre møtet i arbeidsgruppa i byrjinga av juni vart planen sendt ut til høyring, med høyringsfrist 1. september.

Planen vart til slutt handsama av styret i Vindafjordmuseet.

I samband med arbeidet har det blitt gjennomført møter med Mads Ramstad, direktør i Haugalandmuseene, Monica Nicolaisdatter Haugan, museumsleiar ved Vindafjordmuseet og Eva Kalstveit, kulturleiar i Vindafjord kommune.

I tillegg til å oppdatere fakta i planen, er også disponeringa av planen endra, og Målsetting er flytta fram som Punkt 1 i planen.

Ølen 05.10.2012

## **1. Målsetting**

Vindafjordmuseet er Vindafjord kommune sitt museum for forvaltning (innsamling og bevaring), formidling, forskning og fornying. Museumsarbeidet i kommunen blir samordna under dette museet.

### **1.1 Forvaltning**

Vidareføre arbeidet med Vindafjordmuseet. Gjennomføre nødvendig vedlikehaldsarbeid på bygningar.

Ta inn nye gjenstandar til museet i høve til styrets prioriteringsliste.

Utarbeide ein innsamlingsplan for Vindafjordmuseet som er i tråd med Haugalandmuseene sin samlingsforvaltningsplan.

Vidareføre registreringa av gjenstandar og magasinere det som ein ikkje vil ha framme i museet.

Krambumuseet i Ølen blir knytt opp mot Vindafjordmuseet.

Dragseidprosjektet, blir ført vidare av Vindafjordmuseet.

### **1.2 Formidling**

I etterkant av Dragseidprosjektet er det utarbeidd eit pedagogisk opplegg i for emnet. Dette blir prøvd ut og evaluert i planperioden.

Det blir utarbeidd eit pedagogisk opplegg for Vindafjordmuseet sitt skulemuseum i Skjold og skulestova som ein har på Vindafjordmuseet i Vikedal. Dette blir utarbeidd, prøvd ut og evaluert i planperioden.

Det blir utarbeidd eit pedagogisk opplegg for Krambumuseet.

### **1.3 Forskning**

Det er gjennomført eit treårig prosjekt i Vindafjord kommunen 2009-2011 kalla Dragseidprosjektet. Undersøkingar av dragseida mellom Isvik og Ålfjorden, mellom Åmsosen - Ølensvåg og mellom Ølen og Sandeid var ein viktig del av prosjektet. Marinarkeolog Endre Elvestad har utarbeidd to rapportar i høve dette arbeidet. Styringsgruppa for Dragseidprosjektet har utarbeidd ein rapport etter at arbeidet no er avslutta der det og er gjort framlegg om vidare arbeid med emnet.

Dragseidprosjektet skal vidareførast og vidareutviklast. Det skal bli eit varemerke for kommunen. Dragseida bind kommunen saman på tvers av gamle grenser.

### **1.4 Fornying**

Arbeide for å digitalisere samlingane og nytte digital presentasjon.

## 2 Status

### 2.1 Kommunale museum

#### 2.1.1 Vindafjordmuseet

Vindafjordmuseet ligg ca 1 km frå Vikedal sentrum mot Vikedalsdalen. Museet er bygd opp med basis i Vikedal Soge- og Museumsnemnd og Osmund Dybdal Holthe sine samlingar. Jordareal til museet vart gjeve av Fredrik Magnus i 1970.

Arbeidet med å få etablert eit bygdetun i Vikedal starta i 1960, av ei nemnd oppnemnd av Vikedal kommune. Stabburet frå prestegarden vart flytta til området i 1971, og blei det første museet. Denne bygningen oppfylde ikkje krava som var sette til oppbevaring av gjenstandar, og arbeidet med å setje opp eit høveleg bygg til dette starta. Både Vindafjord kommune, fylkeskonservator og Ryfylkemuseet var involvert i dette arbeidet. Etter at godkjende teikningar var på plass, vart finansieringsarbeidet starta. Kostnaden var på rundt 700.000 kroner for det 180 kvadratmeter store bygget då byggjearbeidet vart avslutta og museet kunne opna hausten 1983.

##### 2.1.1.1 Organisering

Vindafjordmuseet blir leia av eit styre oppnemnt av Vindafjord kommune og har tilsett museumsleiar i 20 prosent stilling.

##### 2.1.1.2 Drift

Vindafjordmuseet er gjennom ein eigen avtale underlagt Haugalandmuseene når det gjeld arbeidsgjevaransvar for museumsleiar og Vindafjord kommune overfører kvart år ein sum som skal dekke dette. Summen blir indeksregulert med utgangspunkt i 1.1.2013 og framover.

##### 2.1.1.3 Bygningar

###### Hovudbygning

Bygd på 1983. Utstillingsrom med termostat, luftfuktar og alarm. Entré med to toalett, møterom med minikjøkken og lagerrom. Uinnreidd loftsrom med ståhøgde.

###### Tilbygg til hovudbygning

Bygd på 1990-talet for å huse kyrkjebåten som var nytta mellom Hapnes og Vikedal.

###### Stabbur

Frå 1790 og flytta frå prestegarden i Vikedal. Tømra bygg med eternitt-tak. Treng maling, eventuelt nytt tak.

###### Røykstove

Frå Slettastøl Imsland. Har fått nytt tak dei siste åra og har fungerande elstad.

###### Kvernhus

Frå Stølsmark i Vikedal. Har fått lekkasjeskader og taket bør reparerast.

###### Bispestova

Frå slutten av 1700-talet. Ligg nedlafta under presenning. Styret i Vindafjordmuseet har gjort vedtak om at vidare arbeid med at bispestova ikkje skal prioriterast.

###### Steinhoggarhytte

Det er sett opp ei steinhoggarhytte på museumstomta. Hytta er ikkje autentisk. Det er steinhoggarutstyr inne i hytta.

###### Telefonsentral - telefonkiosk

Ein telefonsentral frå Ilsvåg og ein telefonkiosk er sett opp på museet. Norsk Telemuseum driftar telefonsentralen.

#### Scene

I 2008 vart det sett opp ein liten scene ved hovudbygningen.

### **2.1.1.4 Gjenstandar**

#### Typar gjenstandar

Samlinga inneheld gjenstandar frå skipsbygging, meieridrift, steinhoggarverksemd og mindre treindustri. Og viser også ulike klede, utstyr for helsestell, jakt og fiske, landbruk, musikkinstrument, interiør og skulestove med tilhøyrande utstyr.

#### Registrering

Fleire registreringar. Den siste gjennom digitalisering av bilete og tekst starta i 2000. Registreringa er nå overført til det internettbasserte programmet Primus, cirka 1000 registrerte gjenstandar.

#### Utstilling

Ulike faste utstillingar, eiga pedagogisk avdeling.

### **2.1.2 Vindafjordmuseet avd. Skjold skulemuseum**

Skjold skulemuseum er vedteke overført til Vindafjordmuseet. Det skal utarbeidast ein avtale mellom Vindafjordmuseet / Haugalandmuseene slik at dei tek over ansvaret for det faglege innhaldet, utstyr og vedlikehald av skulemuseumet. Utgifter på inntil 40.000 kroner blir innarbeidd i budsjett for 2013.

## **2.2 Andre offentlege museum eller samlingar**

### **2.2.1 Nerheimstunet i Ølen**

Nerheimstunet ligg i Ølen like ved Ebnes Gartneri. Bygningane på tunet er frå rundt midten av 1800-talet. Tunet er ei testamentarisk gåve frå siste eigar Anne Nærheim, til Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag. Anne Nærheim døyde i 1969. Hennar familie skriv seg tilbake til 1765 då dei kom til Ølen.

Bygningane vart etter overtakinga restaurert av museet, og tunet vart opna som bygdetun i 1983, og har i ein periode kvar sommar vore ope for publikum.

#### **2.3.1.1 Organisering / drift**

Nerheimstunet blir drifta av Sunnhordland Folkemuseum, saman med eit lokalt styre med leiar i Ølen og Bjoa Sogelag som leiar. Vindafjord kommune yter eit årleg tilskot på kr 15.000,- til tunet.

#### **2.3.1.2 Bygningar**

Generelt for bygningane er at dei er godt vedlikehaldne.

#### Stovehus

Typisk samanbygd Vestlandshus med ei tømra stove i kvar ende og eit rom som er gang/kjøken mellom.

#### Løe

Løa inneheld ein tømra fjøs.

#### Eldhus

Er delvis murt i rydningsstein og delvis tømra. Felles bygg på dei to bruka på Nærheim Store.

#### Stabbur

Vart flytta til museet frå Svalland på Utbjoa i 1989.

#### Vedaskut

Skuten har vore uthus og seinare garasje ved fengselet på Stord.

#### Grindaløe

Ei grindløe ligg lagra ute på museumsområdet.

### **2.3.1.3 Gjenstandar**

Det er ulike gjenstandar samla i bygningane i tunet. Både møbler, bruksgjenstandar, reidskaper, utstyr og vogner. Det er i dag eit plassproblem i bygningane.

### **2.3.2 Endre Heggen – samlinga.**

Dette er ei samling som Endre Heggen ønskjer å gi til Vindafjord kommune. Det praktiske arbeide med registrering har starta. Det er ikkje bestemt noko formell overtaking. Vindafjordmuseet skal ta del i denne overtakingsprosessen.

## **3 Eigarstruktur i perioden 2013 – 2016**

### **3.1 Kommunale museum, samlingar og objekt**

Vindafjord kommune vidarefører ansvaret for Vindafjordmuseet, avdeling Vikedal og avdeling Skjold skulemuseum.

## **4. Drift av det kommunale museet**

### **4.1 Drift og vedlikehald**

Styret for museet utarbeider ein femårig forvaltning-, drift og vedlikehaldsplan for museet, med fagleg støtte av bygg og eigedomsavdelinga.

Styret får overført ein årleg sum frå Vindafjord kommune som skal vere med å dekkje alle driftsutgifter ved museet. I tillegg dekkjer Vindafjord kommune si driftsavdeling utgifter til telefon og data, straum, forsikring, kommunale avgifter, alarm og slått av gras to gonger i året.

### **4.2 Museumsleiar**

Museumsleiarfunksjonen er knytt opp til Haugalandmuseene som har arbeidsgjevaransvar.

### **4.3 Registrering og katalogisering**

Registeringsarbeidet ved museet blir vidareført.

### **4.4 Samarbeid med frivillige**

Det blir etablert eit samarbeid med sogalaga kommunen. Imsland, Vikedal og Sandeid Sogelag held møta sine på museet. Også dei andre sogelaga i kommunen har høve til dette.

## 5. Formidling av museumsarbeidet

### 5.1 Museumspedagog

Haugalandmuseene har tilsett museumspedagog. Vindafjordmuseet får nytte deler av denne ressursen.

### 5.2 Faste utstillinger

Det er laga temautstillinger for: kyrkje, helse, skule, dekor, musikk og kultur, fritid, landbruk, jakt, fisk, meieri, reise/kommunikasjon og telefoni.

### 5.3 Periodiske utstillinger

Det blir etablert periodiske utstillinger i høve til pågåande periodiske prosjekt.

### 5.4 Infotavler

Det blir sett opp enkle infotavler på/ved alle bygningane på museet.

### 5.5 Opningstider

Fast opningstid tysdag 09-13 i skuleåret, guide etter avtale.

### 5.6 Informasjonsmateriell

Det blir laga ein museumsbrosjyre for status og vidare planar. Private blir invitert til å vere med.

## 6. Tiltaksplan

A	Utarbeide pedagogisk opplegg for skulemuseet.	Kr 15.000
A	Overtaking av Drageidprosjektet.	5 % stillingsauke + kr 30.000 i årleg løyving
A	Utarbeide og iverksetje ein femårig vedlikehaldsplan for Vindafjordmuseet. Jfr. 4.1	Kr 40.000 kroner årleg løyving
A	Stillingsauke museumsleiar/museumspedagog.	20 % auke til samla 50 %
A	Avklaring rundt Endre Heggen – samlinga.	Administrativt arbeid, i Vindafjord kommune.
A	Rydding av og oppsetting av gjerde rundt ny tomt.	Avhengig av avklaring i høve kjøp og grenser.
B	Drenering ny tomt og opparbeide parkeringsplass.	Avhengig av avklaring i høve kjøp og grenser.
B	Istandsetjing av hus på ny den nye tomte.	Avhengig av avklaring i høve kjøp og grenser.

## 7. Evaluering

Styret i Vindafjordmuseet gjennomfører ei årleg evaluering av planen.